

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Sjukehusapoteka Vest HF

DATO: 05.12.2019

FRÅ Administrerende direktør Jon Bolstad
SAKSHANDSAMAR: Fagdirektør Christer Bakke Frantzen, økonomidirektør Ola Rye,
HR- og org. direktør Berit Beate Berntsen

SAKA GJELD: Årleg melding 2019 Sjukehusapoteka Vest HF

ARKIVSAK: 2019/65
STYRESAK: 033/19

STYREMØTE: 12.12.2019

.....

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret vedtek Årleg melding 2019 Sjukehusapoteka Vest HF som SAV sin rapport til Helse Vest på oppdragsdokument 2019.

Innleiing

I medhald av § 34 i helseføretakslova skal Helse Vest RHF rapportere til Helse- og omsorgsdepartementet via årleg melding. I Styringsdokumentet 2019 for SAV, skal føretaket sende tilsvarende årleg melding til Helse Vest RHF innan 15.1.2020. Denne meldinga er såleis eit grunnlag for Helse Vest RHF si rapportering til departementet, og ledd i eit samanhengande plan- og styringssystem mellom Helse Vest RHF og helseføretaka.

Oppsummering

Årleg melding 2019 er Sjukehusapoteka Vest (SAV) sin rapport på oppfølging av dei mål og eigarkrav som framgår av «Styringsdokumentet 2019». Oppsummert er biletet at vi leverer bra på dei vedtekne hovudområde og helsefaglege styringskrav som er fastsatt for 2019. *Sjå vedlagte rapport utarbeidd etter mal frå Helse Vest.*

Kommentarar

Årleg melding 2019 er ei tilbakemelding på, og vurdering av aktivitetar og tiltak i SAV. Meldinga synleggjer at SAV har vist god utvikling og auka aktivitet innanfor fleire sentrale områder.

Føretaket har i 2019 oppfylt det økonomiske resultatkrav sett av eigar.

- Resultatkrav på NOK 7 mill. Prognose 2019: ca. NOK 10 mill.
- Finansielt grunnlag; fakturering av varer og tenester etter prismodell.
- SAV har god likviditetssituasjon .
- Investeringsbudsjett på NOK ca. 30 mill. ligg innanfor eigenfinansiering.

SAV har sett i gang fleire utviklingsprosjekt som vil auke kostnadene til føretaket i åra som kjem. I stor grad vil dette dreie seg om digitalisering og fornying, der både lokale behov og nasjonale prosjekt skal håndterast både driftsmessig og gjennom investeringsplanen. Det er difor positivt at vi realiserer eit overskot og i 2019.

SAV er opptekne av å vidareføre kvalitets- og utviklingsarbeidet for å følgje opp sentrale krav, men og eigne styringsmål knytt til forbetring av kvalitet på tenestene og pasient- og brukartryggleik. Styringsdokumentet og Årleg melding må sjåast i samanheng med dette og den vedtekne strategien til SAV: «Strategi for Sjukehusapoteka Vest 2018 – 2023.» Måla og tiltaka til SAV er av langsiktig karakter, men innhaldet femner om å skape trygge og gode tenester i tett dialog med sjukehusføretaka.

Konklusjon

Adm. direktør rår styret til å vedta «Årleg melding 2019» slik den ligg føre som SAV rapport til eigar.

Vedlegg:

1. Årleg melding 2019 Sjukehusapoteka Vest HF